



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7900

5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2907 - 17/18627

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

22.06.2017

## Oversending av sak til uttale vedkomande riving av bygg - gbnr 229/6 Skår (Bjørsvik)

Saka gjeld søknad om riving av bygg knytt til settefiskeanlegget i Bjørsvik.

### Planstatus

Tomta ligg innafør reguleringsplan for Bjørsvik, landbasert akvakulturanlegg Lerøy vest, plan-id 1263-200704.

### Bygg

Utsnitt av gjeldande plankart:



Kartutsnitt frå Riksantikvaren si kulturdatabase:



Bileter frå synfaring på staden som syner bygg som søkjast revet:

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733





I søknad er det gjeve slik grunngjeving for riving av eksisterande bygg:

*«Lerøy Vest ynskjer å nytta dette området til større/fleire O2-tankar, då ein ynskjer å etablera desse nærmare produksjonshallen, og bort frå dagens kaiområdet med trafikken. Det omsøkte rivingsbygget vart opphavleg etablert som eit ishus, og sidan nytta som ein del av settefiskproduksjonen som har vore etablert i Bjørsvik i nyare tid. Det vart gjennomført synfaring den 24. mai 2017, der Inger Lene Gåsemyr (seniorrådgjevar frå eining kultur- og idrett, Fylkeskommunen) og Ingrid Bjørge Pedersen (byggesakshandsamar i Lindås kommune) var til stades saman med Frode Gjelsvik (Lerøy Vest sin representant) og underteikna. I møtet vart det synt kva ein ynskjer å rive, og kvifor ein ynskjer å søkje om å få rive denne bygningen.»*

## **VURDERING**

Administrasjonen ber om uttale i saka, og særskilt om det er naudsynt med vedtak etter kulturminnelova.

## **Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7900

5020

BERGEN